

**Fra:** Tone Stedal Haugland (Tone.Stedal.Haugland@hfk.no)  
**Sendt:** 07.08.2015 13:22:55  
**Til:** 'mail@zarepta.no'  
**Kopi:** Anette Durr Thomassen; Marianne Ose Askvik

**Emne:** ang vedlegg søknad kunstnarstipend Hordaland fylkeskommune  
**Vedlegg:** image001.png

*Til Siv Aksnes, søker av Hordaland fylkeskommune sine kunstnarstipend*

Det viser seg no at vi manglar vedlegg til nokre kunstnarstipend-søknader. Vi har jobba med å finne ut av dette i dag, og det ser ut til at det kan vere knytt til ein svikt i fylkeskommunen sitt datasystemet som inntraff dei første dagane i mai. Vi har difor gått igjennom søknadane innan alle sjangrar og sjekka.

Du har oppgitt i søknaden at du har sendt inn vedlegg, men dette finn vi ikkje igjen i vårt arkivsystem. Vi må difor diverre be om at du sender vedlegget igjen, denne gong direkte til [anette.durr.thomassen@hfk.no](mailto:anette.durr.thomassen@hfk.no) og i kopi til [marianne.ose.askvik@hfk.no](mailto:marianne.ose.askvik@hfk.no) merka «2015 / 2149 - Vedlegg til søknad om kunstnarstipend for [namn] – [kunstgrein]», så raskt som mogleg, slik at vi kan vidareformidle dette til stipendkomiteen.

For at dette skal verte handtert på skikkeleg vis ser vi oss nødd til å utsetje den politiske handsaminga av kunstnarstipend-saka til Kultur- og ressursutvalet sitt neste møte den 10.september.

Vi er lei oss for det intrufne og dei ulemper dette måtte føre til for deg.

Helsing

Ronny Skaar  
*Utviklingssjef/seksjonsleiar seksjon for kunst- og kulturformidling*

og

Tone Stedal Haugland  
Seniorrådgjevar  
HORDALAND FYLKESKOMMUNE  
Kultur- og idrettsavdelinga  
Seksjon for kunst- og kulturformidling  
Tlf 55 23 91 92  
[Tone.stedal.haugland@hfk.no](mailto:Tone.stedal.haugland@hfk.no)  
hordaland.no

